


Sprog i Norden

Titel: Stadnamnormering i Noreg
Forfatter: Terje Larsen
Kilde: Sprog i Norden, 2008, s. 125-134
URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/sin/issue/archive>



© Forfatterne og Netværket for sprognævnene i Norden

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Søgbarhed

Artiklerne i de ældre numre af Sprog i Norden (1970-2004) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.



Stadnamnormering i Noreg

Terje Larsen

Lov om stadnamn tok til å gjelde 1. juli 1991 og vart endra med verknad frå 1. august 2006. Lova regulerer skrivemåten av stadnamn i offentleg bruk, og involverer lokalsamfunnet sterkt i prosessen fram til skrivemåte blir fastsett. Dette har vidare ført til at misnøye med skriftformer oftare kjem til uttrykk. Med utgangspunkt i aktuelle namnesaker blir det i artikkelen gjort greie for hovudinnhaldet i lova og peikt på nokre generelle trekk ved klagenene.

I mai i år fekk kulturministeren i Noreg eit spørsmål til såkalla skriftleg svar frå ein av stortingsrepresentantane. Spørsmålet lydde slik:

Er statsråden enig i at man ved eventuelle endringer av stedsnavn bare kan gjøre dette gyldig dersom eieren gir sitt samtykke?

I grunngjevinga for spørsmålet seier representanten m.a.:

Statens kartverk har satt i gang en prosess for å tvinge gjennom en del endringer av navn på eiendommer i Østre Toten kommune. Denne navneendringsprosessen har vakt sterke reaksjoner blant de berørte grunneiere. Det reageres på at kartverket vil endre skrivemåten av navn som er dokumentert brukt i offentlige dokumenter og kart i flere hundre år. Dette oppfattes som utidig innblanding i eiendomsretten fra det offentliges side. For mange oppleves dette som et angrep på en sterk identitetsfølelse basert på familienes tilknytning til gården gjennom mange generasjoner.

I svaret sitt viser kulturministeren til lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn, som vart endra etter vedtak i Stortinget 10. juni 2005. Utgangspunktet for fastsetjing av skrivemåten finn ein i § 4 i lova: ”Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for

norsk og samisk.” Etter § 8 kan eigar eller festar fastsetje namn på eige bruk, med denne avgrensinga: ”Skrivemåten av gardsnamn og bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglane i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal fastsetjast etter reglane i §§ 4 til 6.” Kulturministeren skriv vidare: ”I realiteten omfattes de fleste gårdsnavn i Norge av dette unntaket, og skrivemåten skal dermed fastsettes med utgangspunkt i ’nedervd lokal uttale’ – og samsvare med norske rettskrivningsprinsipper”. Til slutt understrekar han at sakene var tekne opp av kommunen, og at Statens kartverk hadde behandla dei fordi det er Kartverket som er vedtaksorgan i denne typen saker. Han peikte til slutt på at saksbehandlinga ikkje var avslutta.

I tida som følgde, vart namnesakene debatterte både lokalt og i riksdekkjande medium med til dels sterk ordbruk: ”Stedsnavn tvangsændres – bønder gjør opprør”, ”Tøvete navne-ændring”, ”Slett navnepraksis”, ”Trækker på identiteten vår”. At stadnamn generelt og stadnamnnormering spesielt er eit emne som opptek mange, er ikkje nytt, og både namnekonsulentar og offentlege organ som Kartverket blir kritiserte. Denne kritikken kan i fleire tilfelle vere rett, men i dei fleste tilfella syner det seg at dei som engasjerer seg, ikkje kjenner til reglane for offentlig stadnamnnormering.

Eit døme på namnekonflikt

Med utgangspunkt i namnestriden i Østre Toten kommune kan ein stille fire spørsmål:

1. Kva var det som eigentleg hadde skjedd?
2. Kva vart det reagert på?
3. Kvifor tok ikkje Kartverket omsyn til eigarane?
4. Kvifor vart det reagert så sterkt?

Kva var det eigentleg som hadde skjedd?

- Østre Toten kommune vende seg til Statens kartverk for å få rydda opp i skrivemåtane av gardsnamna/bruksnamna i kommunen med forslag om kva for skrivemåtar som burde veljast.
- Kartverket gjorde det dei er pålagt av Stortinget, nemleg å syte for at sakene vart behandla i samsvar med regelverket, dvs. med lokal høyring og fråsegn frå namnekonsulentane. Dei gjorde faktisk meir: Dei tok initiativ til eit informasjonsmøte med kommunen og grunneigarane, der også namnekonsulen-

tane var med, og der Kartverket, namnekonsulentane og kommunen gjorde greie for regelverk og sine roller.

- Etter at alle involverte hadde fått høve til å uttale seg, gjorde Kartverket vedtak. I hovudsak var vedtaka i samsvar med framlegga frå kommunen, tilrådinga frå namnekonsulentane og bruken på offentlege kart og i matriklar dei siste 120 åra. Da vedtaka vart kjende, kom det likevel sterke reaksjonar. Grunneigarane som ikkje hadde fått ønska sine oppfylte, klaga og kommunen snudde om og sa at dersom ikkje grunneigarane fekk viljen sin, ville kommunen trekkje sakene.

Kva vart det reagert på?

Mellom dei namna som har fått fastsett skrivemåte er *Annekstad, Hol, Kvem, Skjøl, Hom, Gardlaus*. Her vil eigarane og kommunen ha *Annexstad, Hoel, Hveem, Schjøll, Homb, Gaardløs*.

Kvifor tok ikkje Kartverket omsyn til eigarane?

Vedtak om skrivemåten av stadnamn er sjølvstykkt ikkje noko Kartverket gjer for moro skuld. Det ligg som nemnt ei lov bak, nemleg lov om stadnamn, som regulerer skrivemåten av stadnamn i offentleg bruk. Lova markerer etter mitt syn eit av dei viktigaste skiljemerka i saga om norsk stadnamnnormering. Eg vil grunngje det slik:

Før lova levde stadnamnnormering etter fastsette reglar på mange måtar sitt eige liv. For det første var reglane gjevne som føresegner og gjaldt i praksis berre skrivemåten på offentlege kart, dvs. kart utgjevne av Noregs geografiske oppmåling (frå 1986 Statens kartverk), og skrivemåten på karta vart i praksis fastsett av to statlege namnekonsulentar utan innblanding. For det andre var desse karta ofte lite brukte i lokalsamfunna, og namneformene kunne difor vere lite kjende. Både lokalt i kommunen, og i anna offentleg verksemd, t.d. på økonomiske kart, vegskilt og i grunnbøker, kunne dei bruke andre skrivemåtar. Reglane – og praktiseringa av dei – var, for å setje det på spissen, ei sak mellom dei to namnekonsulentane og Noregs geografiske oppmåling/Kartverket.

Med lova er saksfeltet lovregulert og gjeld all offentleg bruk av stadnamn. Før skrivemåten blir fastsett av det offentlege organet som etter lova har vedtaksrett, skal alle saker ikkje berre leggast fram for konsulentane, men dei skal også sendast til vedkommande kommune, slik at kommunen og andre i lokalsamfunnet kan få uttalt seg.

Kvifor vart det reagert så sterkt?

Her er vi over på ein viktig grunn til at det blir reagert så sterkt. Lokalsamfunnet (grunneigarar, organisasjonar) må no ta stilling til ein skrivemåte dei ofte kan vera ukjende og/eller uvande med. Dei blir gjort merksame på at på kartet står det t.d. *Hol* og *Kvem*, og ikkje *Hoel* og *Hveem* som dei sjølve brukar. Det er ikkje merkeleg at folk reagerer i slike høve. På ein måte er det eit menneskeleg trekk å kjenne uvilje når noko som er innarbeidd, skal bytast ut med noko anna. Og oftast kjem slike endringar utanfrå som påbod, og det blir ein konflikt mellom det individuelle og det lokale på den eine sida, og det nasjonale på den andre. Når det gjeld stadnamn og namn i det heile, er dei nært knytte til identiteten til dei som har eller brukar dei aktuelle namna. På same måte som eit førenamn eller etternamn er noko ein helst ikkje skal tukle med, skal stadnamna òg halde på si tilvande form. Eit tilhøve som er spesielt for Noreg, er at svært mange har eit gardsnamn som etternamn, og særleg når dei bur på garden og har gardsnamnet som etternamn, vil dei gjerne at namnet skal skrivast likt i baa funksjonane. Denne skrivemåten avvik ofte både frå dialektuttalen og rettskrivingsreglane, og i dei fleste tilfella dreiar det seg om tilfeldige 1700-talsformer.

Eit viktig spørsmål i denne samanhengen er synet på *eigedomsretten* til namna: *Kven eig namna?* Mange eigarar vil nemleg hevde: Eig eg jorda, eig eg også namnet! Namnet blir eit symbol for slektstradisjon og mange andre band som knyter dei til eigedommen. Skrivemåten dei brukar, og som altså oftast er identisk med skrivemåten av slektsnamnet, blir difor sett på som den einaste rette. Mot dette står synet på namna som eit *felleseige* som når ut over det lokale og individuelle. Dette synet tek utgangspunkt i at namna er ein viktig del av den felles immaterielle kulturarven som det offentlege har ei legitim interesse i å ta vare på. Namna bør skrivast mest mogleg i samsvar med vanleg rettskriving, slik at folk flest ikkje har vanskar med skrivemåte og uttale, og skriftforma må ikkje skyggje for meiningssinnhaldet. Det er i skjeringspunktet mellom desse to omsyna stadnamnlova og det praktiske normeringsarbeidet ligg.

Lov om stadnamn

Forhistorie

Stadnamnlova har ei lang forhistorie, og utan å gå i detalj her, kan det vere opplysande å peike på nokre hovudpunkt for å setje lova inn i ein samanheng. Den fyrste spira til offentlig normering finn vi i samband med matrikkelrevisjonen i 1838. Da matrikkelen skulle reviderast på ny nokre tiår seinare, oppnemnde

regjeringa ein kommisjon som fekk som mandat å rette opp namneformene der det var nødvendig. Med i denne namnekommisjonen av 1878 var Oluf Rygh, Sophus Bugge og Johan Fritzner. Det er arbeidet til denne kommisjonen som er grunnlaget for standardverket *Norske Gaardnavne* og den moderne norske – og nordiske – stadnamngranskinga.

Desse namnerevisjonane gjaldt gards- og bruksnamn som var skriftfeste i matrikkelen. Men det offentlege skriftfeste både desse namna og andre namnegrupper også på kart. I 1913 vart dei fyrste retningslinjene for skrivemåten av namn på kart vedtekne. Hovudprinsippa her var at ein skulle følge rettskrivinga i landsmålet (seinare nynorsk), og at "*den stedlige uttale* [utheva i originalen] mest mulig bør søges gjengit". Desse prinsippa vart vidareførte i Reglar um skrivemåten av stadnamn på kart 1929, Fyresegner um skrivemåten av stadnamn 1933 og Føresegner om skrivemåten av stadnamn 1957.

I 1979 vart det sett ned eit utval som skulle greie ut spørsmålet om ei stadnamnlov. Stadnamnutvalet la fram innstillinga si i oktober 1983. Ho er publisert i *NOU 1983: 6. Stadnamn*, men det tok enda sju år før Stortinget vedtok lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn. Lova tok til å gjelde 1. juli 1991, og revidert lov frå 1. august 2006.

Kva handlar lov om stadnamn om?

I formålsparagrafen til revidert lov heiter det m.a.:

Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktivt bruk av namna. Lova skal sikre omsynet til samiske og kvenske stadnamn i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar og konvensjonar.

Eit anna siktemål er at eitt og same namnet skal ha ei offisiell form, som skal brukast i all offentleg verksemd. Denne offisielle forma skal førast inn i Sentralt stadnamnregister (SSR).

Lovteksten saman med forskrifta gjev reglar m.a. for

- skrivemåten av namna
- kven som fastset skrivemåten
- kven som har plikt til å bruke dei fastsette skrivemåtane
- kven som har rett til å reise namnesaker
- korleis saksbehandlinga skal vere når offisiell skrivemåte skal fastsetjast (høyring, kunngjering osv.)

- kven som har klagerett når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett
- Sentralt stadnamnregister (SSR)

Lova gjeld ikkje ved *val av namn* ("namnedåp"), men det heiter i kommentarane til § 3 *Namnevern og namnsetjing* at når "nye namneobjekt skal namnsetjast, bør namneskikken på staden følgjast når det er mogleg".

Hovudprinsipp i lova

I diskusjonen om kva for prinsipp som skal leggjast til grunn for normeringa av stadnamn, blir fleire syn hevda:

1. Eit syn er at ein bør normere i samsvar med gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp.
2. Eit anna syn at skrivemåten bør vere tradisjonell; ein bør velje den skrivemåten som har vore mest nytta før.
3. Eit tredje syn er at skrivemåten bør liggje så nær opp til talemålsforma som mogleg.
4. Eit fjerde syn er at skrivemåten bør vere etymologisk, dvs. i samsvar med det historiske opphavet til namnet.

Det seier seg sjølv at det er umogleg å sameine alle desse omsyna, og lova kan sjåast på som eit kompromiss mellom dei ulike prinsippa. Hovudregelen er såleis at ein skal ta utgangspunkt i den tradisjonelle dialektuttalen, samtidig som ein skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. Skrivemåten av kvenske stadnamn skal følgje rettskrivingsprinsippa i finsk, medan finske stadnamn på Austlandet kan tilpassast norske rettskrivingsprinsipp.

Forskrifta presiserer desse hovudreglane. For *norske* namn gjeld at ein ved allment kjende ord som hovudregel skal velje den tillatne forma i rettskrivinga som høver best med uttalen på staden. Det er opna for at ein kan nytte lokale eller regionale målføreformer, men slik at ein skal leggje større vekt på regionale enn lokale målføremerke, og ein skal halde seg til visse hovudtypar. Presiseringane gjeld t.d. bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bestemt eller ubestemt form, samansetjingsmåten i samansette namn, spesielle ordformer og bøyingsverk.

Når det gjeld *samiske* namn, er desse delte inn i nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk. Dialektformer av namn og namneledd som ikkje finst andre stader, kan ein skrive i samsvar med den lokale uttalen når det ikkje bryt med rettskrivingsprinsippa eller fører til misforståing.

Presiseringane av reglane for *kvenske* namn dreiar seg konsonanteikn, vokalteikn, samanskriving, særskriving og bruk av bindestrek.

I fleirspråklege område er regelen at samiske og kvenske stadnamn som blir nytta av folk som bur fast på eller har næringsmessig tilknytning til staden, skal brukast på kart, skilt og i register saman med eventuelt norsk namn. Forskrifta gjev reglar om rekkjefølgja: Der det blir brukt meir enn eitt namn, skal vedtaksorganet fastsetje rekkjefølgja, og ein skal ta omsyn til språkbruken på staden. I forvaltningsområdet for samisk språk skal rekkjefølgja vere samisk, norsk, kvensk.

Det heiter vidare at det skal takast omsyn til tidlegare normeringspraksis så langt ein kan gjere det utan å kome i konflikt med lova, og at skrivemåten i primærfunksjonen til eit namn skal vere retningsgivande for skrivemåten i andre funksjonar.

Statens kartverk er vedtaksorgan for skrivemåten av alle naturnamn (namn på vatn, elver, fjell osv.), for seternamn og for tradisjonelle gards- og bruksnamn. Kartverket er etter den reviderte lova også vedtaksorgan på vegner av alle statlege etatar dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift. I praksis betyr det at Kartverket vedtek skrivemåten av dei fleste namna som blir brukte på kart. Denne vedtaksretten har Kartverket delegert til dei enkelte fylkes- eller regionkartkontora. Skrivemåten av namn på kommunale anlegg (vegar, torg, skolar osv.), bustadfelt, tettstader osv. blir fastsett av vedkommande kommune, medan fylkeskommunen gjer det same for fylkeskommunale anlegg osv. Når det gjeld saksbehandlinga, har eg tidlegare nemnt at alle saker skal ut til høyring hos dei som har tilknytning til namnet.

Namnekonsulenttenesta, som er eit *rådgjevande* organ, er utbygd og inndelt i fire regionar for norskspråklege namn. I tillegg er det konsulentar for nord-, lule- og sørsamisk og for kvenske namn i Nord-Noreg. Konsulentane har fast tilsette sekretærar med namnefagleg utdanning til å førebu tilrådingane. Dei norskspråklege konsulentane og den kvenske konsulenten er ein del av Språkrådet, medan dei samiske konsulentane er ein del av Sametingets avdeling for opplæring, språk og kultur. Før skrivemåten blir fastsett, skal vedtaksorganet leggje saka fram for namnekonsulentane. Konsulentane kan også gje råd i spørsmål om namnsetjing og svare på spørsmål om stadnamn og stadnamnbruk generelt.

Det er oppretta ei klagenemnd for stadnamnsaker. Klagenemnda blir leia av ein jurist med dommars kompetanse, og har i alle saker ein annan fast medlem oppnemnd på fritt grunnlag. I saker som gjeld norskspråklege namn, har nemnda i tillegg ein språkkunnig medlem for kvar av dei to målformene, og i saker som gjeld samiske eller kvenske namn ein medlem for samisk eller kvensk.

Mange vil seie at stadnamnlova er både fornuftig og pragmatisk, og tek omsyn til både det demokratiske, det namnefaglege og det praktiske aspektet. Likevel opplever vi stadig protestar i normeringssaker slik vi no ser på Toten, og talet på klager har også vore høgare enn det ein venta. Klagenemnda har såleis behandla over 1000 namn sidan 1992, og avslutningsvis skal eg peike på nokre generelle trekk ved klagen. Alle klagen gjeld norskspråklege namn.

Klagesaker

Kven klagar?

Klagerett har offentlege organ som skal bruke eit namn i tenesta, som det heiter, lokale organisasjonar som har ei særleg tilknytning til eit namn og eigarar når det gjeld bruksnamn. I noko over 50 % av klagen er det ein kommune som har klaga, i bortimot 30 % er det ein grunneigar, medan dei resterande klagen står lokale organisasjonar eller andre offentlege organ for.

Kan ein seia noko om kva slags namnetypar det blir klaga på?

Om lag 450 av klagen gjeld bruksnamn/gardsnamn, medan om lag 400 gjeld det vi kallar naturnamn. Dei resterande klagen gjeld hovudsakleg adressenamn (veg-/gatenamn).

Kan ein seia noko generelt om ønska til klagarane?

Vi kan finne eit visst mønster. Når det dreiar seg om *naturnamn*, er ønsket ofte ei dialektnær form i staden for ei rettskrivingsform, t.d. *Salthedlo* for *Salhbella*, *Litjebekken* for *Litlbekken/Lislbekken*, *Kvitskriuprestein* for *Kvitskriuprestan(e)*.

Når det gjeld *bruksnamn/gardsnamn*, er ønsket nesten alltid den tilsvarande forma for familienamnet, jf. her sakene frå Østre Toten. Eit anna forhold som bør nemnast, er bruken av bestemt eller ubestemt form eintal, altså *Angvik* for *Angvika*. I om lag ein firedel av klagen er dette forholdet med, og utan unntak er ønsket ubestemt form, sjølv om talemålsforma er bestemt form.

Blir klagen tekne til følgje?

Siste oversyn viser at klagar har fått medhald i vel 20 % av sakene, medan nemnda har stadfest det opphavlege vedtaket i om lag 75 % av sakene. I dei resterande sakene har klagar fått delvis medhald.

Når blir klagen tekne til følgje?

Generelt kan vi seie at det er tre vilkår som må vere oppfylte for at ein klage skal takast til følgje:

- Den ønskete skriftforma må ta utgangspunkt i den vanlege uttalen av namnet. Dette kan vere ein nyare uttale.
- Den ønskete skriftforma må vere i samsvar med norske rettskrivingsprinsipp.
- Den ønskete skriftforma må vere i samsvar med skriftradisjonen for namnet.

Avslutning

Stadnamnormering i Noreg er eit saksfelt med mange aktørar og med mange syn å vurdere og ta omsyn til. Lova involverer lokalsamfunnet sterkt, både kommunen som politisk organ, organisasjonar og enkeltpersonar, og har nok ført til auka interesse for stadnamn generelt og normering spesielt. Denne auka interessa har gjort at kravet om namneformer med klar lokal forankring har vorte sterkare. Dette kjem også til uttrykk i den reviderte lova, der omsynet til lokale ønske er sterkare understreka enn i lova frå 1990, medan omsynet til eit einskapleg namneverk, som innanfor det namnefaglege miljøet har vore sett på som eit overordna mål i normeringsarbeidet, er tona ned. Her er vi elles inne på eit kjernepunkt i stadnamnormeringa. Ein viktig føresetnad for normeringa må vere at dei fastsette skrivemåtane blir aksepterte og tekne i bruk, ikkje berre av det offentlege, men også av ålmenta og namnebrukarane lokalt.

Kva så med namnesakene frå Toten? I skrivande stund blir dei vurderte av namnekonsulentane og Kartverket. Klagesaker som ikkje blir imøtekomne, blir sende til klagenemnda for stadnamnsaker. Endeleg avgjerd kan ein vente ein gong tidleg på nyåret 2008.

Kjelder

<http://www.stadnamn.org/?id=lovomstadnamn010806>

<http://www.stadnamn.org/?id=forskrift>

<http://www.stadnamn.org/?id=rettleiing>

Summary

In Norway, the spelling of place-names in official contexts has been regulated by the Place Name Act since 1991. The act has been revised, and the new act came into force on 1 August 2006. The act has turned the standardisation of place-names into an issue that has engaged many local citizens, and has resulted in an increasing number of appeals concerning the spelling of place-names. Based on several recent place-name cases, the article presents the essential contents of the act, as well as some general features of the appeals.